



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 03.10.2019
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Ann Christin Hoen	AP	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Finn Frantzen	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Karolina Vaktskjold	H	Kenneth Taule Murberg - H

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Rådmann Jarle Landås, møtesekretær Arthur Kleiveland

Programansvarleg/rådmann i Alver, Ørjan Raknes Forthun, orienterte om arbeidet med Alver kommune.

Det var spørjetime, med fire skriftlege spørsmål og eitt munnleg spørsmål.

Historisk møte: Ordførar Jon Askeland ønske velkomen til eit historisk møte. Dette kommunestyremøtet er nemleg det siste med ordinære saker. Han ønske samtidig kommunestyrerepresentant Sara Hamre Sekkingstad lukke til som den første ordføraren i Alver kommune.

Saksliste

Saksnr	Tittel
020/2019	Meldingar og referatsaker
021/2019	Sluttavtale Nordhordland revisjon IKS og stifting av Vestlandsrevisjon IKS
022/2019	Avtale om vertskommunesamarbeid om krisesenter
023/2019	Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til lager ved Hordabøhallen
024/2019	Bustadsosial handlingsplan - bustader til utviklingshemma
025/2019	Oppfølging av forvaltningsrevisjon "Tidleg innsats i oppvekstsektoren"
026/2019	Kommunal garanti for lån Aufera AS
027/2019	Rett til gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg
028/2019	Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - slutthandsaming/godkjenning

020/2019: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Orientering Alver kommune:

Programansvarleg/rådmann i Alver, Ørjan Raknes Forthun, gav ei grundig orientering om status og framdrift for Alver kommune, og peika på aktuelle problemstillingar knytt til samanslåinga. Han sa at dei aller fleste prosjekta no er inne i gjennomføringsfasen, og det er no eit spesielt fokus for å sikra at det som er "kritiske faktorar" for dei ulike tenestene blir ivaretatt og skal vera på plass frå 1/1 2020. Alver-rådmannen rosa dei tilsette for det flotte arbeidet som blir lagt ned ute i organisasjonen.

Vidar Grindheim (H) peika på at intensjonsavtalen seier at den nye kommunen skal ta med seg "best praksis" i dei tre kommunane. Alver-rådmannen svarta at det er gjort grundig gjennomgang av arbeidsprosessane, og sa at det ikkje er nødvendig er "best praksis" - men "endå betre praksis" som blir resultatet.

Silje Namtvedt (SP) spurde om situasjonen for jordmor- og helsestasjonstenesta i Alver. Ho uttrykte også bekymring for sentraliseringa av NAV til Knarvik.

Ørjan Raknes Forthun sa at helsestasjonane skal fortsetja som dei gjer i dag. Han sa at det er mogleg å finna desentraliserte løysingar for NAV, sjølv om tenesta blir samla i Knarvik, og at ein i første omgang vil testa ut det reelle behovet.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

021/2019: Sluttavtale Nordhordland revisjon IKS og stifting av Vestlandsrevisjon IKS

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap med namn Vestlandsrevisjon IKS. Radøy godkjenner selskapsavtalen som gjeld frå stiftingsdato til 31.12.2019.
2. Ordførar er Radøy kommune sin representant i representantskapet.
3. Radøy trer ut av det nye selskapet frå og med 01.01.2020, i samsvar med tidlegare oppseiing av deltaking i NHR-IKS.
4. Radøy kommunestyre gjev ordførar og rådmann fullmakt til å inngå sluttavtale med NHR-IKS der pensjonsopparbeidde pensjonsrettar i selskapet pr. 31.12.2019 blir innfridd.

022/2019: Avtale om vertskommunesamarbeid om krisesenter

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktpersoner som representerer kommunen.

023/2019: Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til lager ved Hordabøhallen

Behandling:

Uttale frå Radøy idrettsråd vart ettersendt på e-post.

Saka vart handsama i kommunestyret utan handsaming i formannskapet.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon til Hordabø idrettslag, knytt til lager ved Hordabøhallen med inntil 1 173 000. Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar, seinast 31.12.2024. Kompensasjonsbeløpet Hordabø idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Alver kommune. Alver kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekka fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

Forskotteringa vert ført i investeringsrekneskapan, og vert ført i balansen som eit finansielt anleggsmiddel. Finansiering ved bruk av disposisjonsfond.

024/2019: Bustadsosial handlingsplan - bustader til utviklingshemma

Behandling:

Rådmann Jarle Landås orienterte om prosjektet, som er eit ledd i oppfølginga av bustadsosial handlingsplan. Han understreka behovet for bustadtilbod til psykisk utviklingshemma og peika på at det er ei stor gruppe som etter kvart står klar til å flytta heimefrå og inn i eigen bustad. Det skal byggast fem husvære på Langhøyane, og kommunen skal kjøpa nøkkelferdige bustader med fellesareal og personal-fasilitetar. Rådmannen orienterte om finansieringsopplegget, som mellom anna omfattar gode tilskot frå Husbanken.

Ordførar Jon Askeland rosa rådmannen for å ha funne fram til gode og konstruktive løysingar for å få dette prosjektet i hamn som Radøy kommune. Han sa at dette er viktige investeringar både for Radøy og Alver kommune.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune inngår avtale om kjøp av tilrettelagde bustader i Langhøyane for menneske med nedsett funksjonsevne, innafor dei rammene som er skissert i saksutgreiinga.

Investeringsbudsjettet for 2019 vert auka med kr. 840.000, finansiert ved bruka av unytta lånemidlar.

025/2019: Oppfølging av forvaltningsrevisjon "Tidleg innsats i oppvekstsektoren"

Behandling:

Kommunestyret tok formannskapet si tilråding til orientering.

Vedtak:

Tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrapport om "Tidleg innsats i oppvekstsektoren" vert tatt til orientering.

026/2019: Kommunal garanti for lån Aufera AS

Behandling:

Kommunestyret tok stilling til inhabilitet for fleire av medlemmane i denne saka.

Vidar Grindheim (H) og Kirsti Gjetle Floen (AP) sit i styret i Aufera AS. Kommunestyret erklærte

Grindheim og Floen inhabile, og dei deltok difor ikkje i handsaminga av saka.
Else Marie Skartveit Dale (KRF) og Josten Borlaug (AP) er medlemmar i representantskapet i Aufera AS. Kommunestyret kjende dei inhabile, og dei deltok ikkje i handsaminga av saka.
Morgan Taule (AP) er dagleg leiar i konkurrerande selskap, og ba kommunestyret vurdera habiliteten sin.
Kommunestyret kjende Taule inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i bank som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

027/2019: Rett til gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg

Behandling:

Silje Namtvedt (SP) kom med følgjande protokollmerknad:

Slettevegen er merka oransje, som gjev rett til gratis skuleveg for 1. og 2. klassingar. Denne bør vera raud grunna tungtrafikk og høg hastigheit.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Radøy kommune definerer særleg farleg skuleveg ut frå «Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, Radøy kommune, datert 5.7.2019» utført av Norconsult. Elevar som har adresse som gjer at dei må forbi område som er definert som særleg farleg, får vedtak om gratis skuleskyss frå 1.oktober 2019.

028/2019: Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - slutthandsaming/godkjenning

Behandling:

Leiar i hovudutvalet, Christel Villanger Håland (H), gav ei grundig orientering om utvikling og status i saka, og oppmoda og oppmoda kommunestyret om å følgja hovudutvalet si samrøystes innstilling. Kommunestyret vedtok hovudutvalet si tilråding.

Vedtak:

I samsvar med Plan og Bygningslova §12-12 godkjenner Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune detaljreguleringsplan for Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde (PlanID: 12602017000100) med plandokument datert 07.03.2019.
